

SENTERPARTIHISTORIA

Vart Bondepartiets fo

Var det eit sjølv mord, eit rovmord, eller vart leiaren for Bondepartiet teken av dage av politiske motstandarar?

OTTAR FYLLINGSNES

Nils Trædal var Bondepartiets mest sentrale politiskar i dei første etterkrigsåra, og han døydde midt i ein svært aktiv politisk periode.

Ein sein oktoberkveld i 1948 skal bondehovdingen ha falle ut av eit vindauge mellom andre og tredje etasje i trappeoppgangen der han budde på hybel i Holtegata 30 i Oslo.

Då Nils Trædal vart funnen om kvelden den 11. oktober, hadde han store skadar i hovudet. Han vart køyrd til Ullevål sykehus i ambulanse, men døydde same kvelden utan å ha kome til medvit.

Det var hybelverten, ein eldre kontorsekretær i partiet, som fann han. Trædal var i live då han kom til sjukehuset, men døydde av dei store hovudskadane. NTB og avisene skreiv den 11. og 12. oktober at dødsfallet var ei ulukke.

Historikaren May-Brith Ohman Nielsen kjem inn på lagnaden til Nils Trædal i band ein av verket *Senterpartiets historie*, som vart lansert denne veka, men kjem ikkje med noka forklaring på mysteriet.

Ohman Nielsen har teke for seg tida frå 1920 til 1959 og kalla boka *Bondekamp om markedsnakt*.

Politisk mord?

Det er uklart kva kjelder NTB-forklaringa byggjer på.

Ohman Nielsen skriv at det ikkje var husverten eller andre i oppgangen der Trædal budde som kom med denne forklaringa. Ho meiner at ho heller ikkje kan skriva seg frå politiet, ettersom ulukka ikkje vart registrert i vaktprotokollen til politiet. Saka vart aldri etterforska, slik liknande dødsfall hadde vorte, og historikaren meiner at dette er svært merkeleg. På sjukehuset vart saka registrert som ei «ulukke». Det vart ikkje utført medisinske undersøkingar av Nils Trædal som kunne skapa klarleik i kva som hadde skjedd, eller sendt melding frå sjukehuset til politiet.

Ohman Nielsen peikar på at mange både då og seinare har meint at den ulukka som NTB skildra, var svært usannsynleg. Nils Trædal var ein hugrelst kraftig mann, og vindaugsopninga var berre på 120 X 50 cm. Dei statistiske sjansane for ei slik ulukke er små, meiner Ohman Nielsen.

Ho viser til at familien reagerte på forklaringa om at eit fall gjennom vindauget som eit

resultat av eit «illebefinnande», passa dårleg med opplysningane frå lækjaren som hadde motteke Trædal på sjukehuset. Han syntest det var rart at pasienten heldt både mappa si og nøklane sine i den eine handa då han kom til sjukehuset.

Ohman Nielsen viser til at då Nils Trædal døydde, forsvann også dei papira han måtte ha hatt i sitt politiske arbeid i Oslo. Dette medverka til å styrkja mistanken blant vener og familie om at dødsfallet ikkje kunne ha vore ei tilfeldig ulukke.

Dødsfallet vart eit ikkje-tema i det politiske og journalistiske miljøet i hovudstaden. Det vart ikkje snakka om det i dei heile, i motsetnad til andre dødsfall eller liknande hendingar. Det la seg straks eit lokk av ubehag og stille over saka. For somme som ikkje kjende Trædal og det arbeidet han stod oppi, har stilla leidd tanken i retning av sjølv mord, men i dette tilfellet var ikkje stilla skapt av familie, vener og kollegaer, skriv historikaren.

Ho meiner at det først og fremst var ei offentlig stille, og viser til at det blant vener og naboar var mange som meinte at Trædal måtte ha vorte drept. Trædals fiendar må ha vore politiske, ikkje personlege, meiner ho. Folk kunne ikkje skjønna kven som skulle ta han av dage, eller kvifor. Sjølv mord ville dessutan ha vore i strid med trua til presten Trædal. Generalsekretær Einar Hovdhaugen i Bondepartiet var blant dei som byrja å stilla spørsmål ved NTB-forklaringa om hovudskadane. Også han undra seg over at saka ikkje vart etterforska.

Ohman Nielsen viser til at dette ikkje vart sagt høgt i etterkrigsåra, men i 1950- og -60-åra var dette noko ein vende tilbake til i dei indre krinsane i partiet.

Konklusjonen → var gjennomgåande: Trædals dødsfall kunne neppe vera ei ulukke.

Ohman Nielsen minner om at ein skulle ha dei rette kontaktane for å hindra ei politietterforsking. Dette var i 1948, og den kalde krigen vart trappa opp. Fleire miljø var urolege for at forsvaret, den offentlege invasjonssberedskapen og etterretningsvesenet ikkje var gode nok. Ohman Nielsen viser til at det fanst mange private, hemmelege paramilitære beredskapsgrupper av ymse slag som blant anna dreiv med politisk overvaking. Ikkje alle var like disiplinerte og lovlige. Også Kretsens folk hadde eit eige nettverk, og kunnskapen om desse gruppene har først kome fram i 1980- og 1990-åra.



NILS TRÆDAL: Vart han drept fordi han visste for mykje? (Foto frå boka)

Gjengangar


I dag er namnet Nils Trædal og lagnaden hans ukjende for dei fleste, men opp gjennom åra har fleire aviser og blad skrivne om mysteriet Trædal, utan å koma til botnar i det.

Barna etter formannen i Bondepartiet lever framleis i uvisse om kva som skjedde. Fleire forsøk på å få sentrale personar i tale har ikkje lukkast, skreiv *Adresseavisen* i fjor haust.

Avisa fortalde at dei tre barna tok farvel med faren om kvelden søndag 11. oktober. Soknepresten og den tidlegare ordføraren i Støren kommune tok toget til Oslo. Ingenting tydde på at han var deprimert eller sjuk, seier dottera Maria Trædal Selvtveit. Dei tre barna avviser at sjølv mord eller svimelheit kan ha vore årsaka til dødsfallet. Nils Trædal var både sunn, frisk og ikkje svekt av alderen. Han var 69 år, men hadde nett bestemt seg for å ta ein ny periode på Stortinget.

Sonen til Nils Trædal, Steingrim, meinte lenge at mordteorianane var for fantastiske, men no veit han ikkje kva han skal tru lenger. I 1994 skreiv Steingrim Trædal på vegner av dei tre syskena til ein kjent historikar og ein sentral senterpartipolitiskar og spurde om dei kunne undersøka saka nærare. Dette var i samband med oppnemninga av kommisjonen som skulle granska dei hemmelege tenestene, skriv *Adresseavisen*. Han fekk ikkje svar. Også andre forsøk på å finna ut er møtte med stille. Avisa fortel at det verserer historier om at folk som har byrja å interessera seg for saka, skal ha vorte truga til å la saka liggja.

Per Borten er ein av dei som har forsøkt å undersøka saka for Trædals familie, men han har fått røyndet same: Det var ingen opplysningar å få nokon stader. Folk ville ikkje snakka om saka, og det var umogeleg å koma til botnar i henne.



Visste Trædal for

Fanst det nokon som kunne ha politiske motiv for å ta Nils Trædal av dage?

OTTAR FYLLINGSNES

Visste leiaren for Bondepartiet rett og slett for mykje?

Etter krigen vart Bondepartiet uglesett av dei andre partia, men Nils Trædal var blant dei som hadde markert klar front mot nazismen før krigsutbrotet. Under krigen buldra han mot NS-styret frå preikestolen på Støren i Sør-Trøndelag. Saman med det store fleirtalet av norske prestar la Trædal ned embetet i påska 1942, i tråd med oppropet til kyrkjefronten og hyrdebrevet «Kirkens grunn». Familien vart deretter vist bort frå kyrkjegarden.

Riksrådet

I juni 1940, frå 14. til 17. juni vikarierte Nils Trædal for nestleiaren i Bondepartiet, Gabriel

Moseid, i presidentskapet i Stortinget. Dette var då administrasjonsrådet under leiding av Paal Berg pressa presidentskapet til å ta opp dei såkalla riksrådsforhandlingane med tyskarane.

Under desse forhandlingane i juni 1940 utforma Paal Berg og Eivind Berggrav eit brev til Hitler, der dei gjekk inn for separatferd med Tyskland og avsetjing av kongen.

Etter krigen var det fleirtal både i Ap, Høgre og Venstre for at Heimefrontens leiar, høgsterettsjustitiarius Paal Berg, skulle verta statsminister. På Stortinget var Bondepartiet aleine med sin skepsis. Berg fekk oppdraget, men han vart sett under press frå dei gamle presidentskapet. Dei truga Berg med å offentliggjera dokumentet om avsetjinga av kongen. Brevet ville ha skandalisert Berg og Berggrav, og det førte til uro i Kretsen. Samstundes byrja *Friheten* å trykka det kompromitterande materialet. Ohman Nielsen meiner at dette var

SENTERPARTIHISTORIA

rmann likvidert?



SP-HISTORIKAREN: Det har ikkje vore råd å dokumentera nokon samanheng mellom Nils Trædals brå og underlege død og dei politiske hendingsane han stod oppi, skriv historikaren May-Brith Ohman Nielsen. (Foto: Ottar Fyllingsnes)

Utan Jens Chr. Hauge

Namnet til Jens Christian Hauge er ikkje nemnt i det første bandet av det nye historieverket.

Under krigen var Hauge sentral i Milorgs leiding, men May-Brith Ohman Nielsen har ikkje prøvd å få kommentarar frå han til Nils Trædals mystiske dødsfall.

– Eg er forskar, ikkje etterforskar, seier ho.

Professor Trond Nordby er ein av faghistorikarane som har vore knytt til arbeidet med Senterpartiets historieverk. Då bøkene vart lanserte på Stortinget denne veka, slo han fast at May-Brith Ohman Nielsen

hadde for tynt grunnlag til å konkludera med at leinga i Heimefronten stod bak Nils Trædals mystiske dødsfall.

Forseinka

Historieverket om Senterpartiet skulle opphavleg ha kome ut til 80-årsdagen i fjor sommar, men det vart forseinka. *Adresseavisen* har tidlegare skrive at det endelige manuset skal ha vorte monaleg moderert i høve til utgangspunktet.

– Eg trur at Jens Christian Hauge kan leva med den forma det no har fått, slo professor Trond Nordby fast på pressekonferansen på Stortinget.



DØDSSTADEN: Frå vindauget i trappeoppgangen mellom andre og tredje etasje her i Holtegata 30 i Oslo, skal leiaren for Bondepartiet, Nils Trædal, ha falle ned i bakgården. (Foto: Ottar Fyllingsnes)

NILS TRÆDAL

- Fødd i Sunndal 1879
- Død i 1948, ukjend dødsårsak
- Norsk politisk og teolog
- Sokneprest, Kolvereid 1911
- Prost, Ytre Namdal 1918
- Sokneprest, Aukra 1923
- Prost, Ytre Romsdal 1929
- Sokneprest, Støren 1936
- Ordførar, Kolvereid 1916-19
- Stortingsrepresentant, Møre 1934-36
- Stortingsrepresentant, Sør-Trøndelag 1939
- Nestformann i Bondepartiet 1934
- Nestformann i Bondepartiet 1935
- Formann i Bondepartiet 1938
- Kyrkjeminner 1931-33
- Parlamentarisk leiar, Bondepartiet 1946
- Var ein sentral kystreformist
- Pådrivar for kriseforliket med Arbeidarpartiet i 1935

m'kje?

avgjerande for at Paal Berg sa frå seg oppdraget etter nokre dagar.

Kretsen

Kretsen var eit motstandsorgan på sivil side. Det var ein sjølvoppnemnd krins personar frå ulike sider av det politiske landskapet. Sommaren 1941 møttest dei til uformelle samtalor, og blant dei som var med, var Paal Berg, Einar Gerhardsen, Didrik Arup Seip og Gunnar Jahn.

Kretsen drøfta blant anna korleis det politiske livet skulle arta seg etter frigjeringa. Det rådande synet gjekk på at regjeringa måtte gå av og erstattast av ei samlingsregjering, men fleire kunne tenkja seg eit styre sett saman av motstandsfolk. Kretsens tilhøve til regjeringa var i utgangspunktet dårleg, men det betra seg under krigen.

Frå sommaren 1943 engasjerte sentrale personar i Bondepartiet seg i motstandsrørsla

mot Kretsens planar om eit overgangsstyre ved frigjeringa.

– Under motstand frå London-regjeringa, men med det ultimatum at Kretsens ville leggja ned heile arbeidet, hadde han klart å pressa gjennom at det ved frigjeringa skulle innsetjast eit overgangsstyre bygd på «førar- og oppnemningsprinsippet», skriv Ohman Nielsen.

Kretsen meinte at både Stortinget og kommunestyra skulle haldast utanfor i denne overgangsperioden og først innkallast etter at det var halde nyval.

– Planane om ei slik diktatorisk styreform, der leinga på alle nivå skulle innsetjast etter «førar- og oppnemningsprinsippet» vart naturleg nok oppfatta som eit kupp-prosjekt blant grupper i motstandsrørsla som stod utanfor Kretsen. Overgangssystemet vart omtalt både som «fascisme» og «nynazisme», skriv Senterparti-historikaren.

Overlærar og høgsterettsad-

vokat Edmund Haug var ein av dei som engasjerte seg sterkt mot desse planane. Heilt sidan 1940 hadde han arbeidd med å samle lærarane til motstand mot okkupasjonsmakta, og han vart fengsla fleire gonger.

«Hvitboken»

I 1945 vart det oppnemnd ein granskingskommisjon som skulle gå gjennom verksemda til presidentskapet, administrasjonsrådet, Stortinget og regjeringa. Dette tok tid, og rapporten om presidentskapet, administrasjonsrådet og Stortinget kom først til Stortinget til behandling kring 20. oktober 1948.

Ei veke før stortingsbehandlingen skulle ta til, vart det gjeve ut ei dokumentsamling med korrespondanse mellom regjeringa og leinga i Heimefronten. Dokumenta vart seinare omtalte som *Hvitboken*, og blant desse var det fleire med sterke karakteristikkar av

Edmund Haug, folka hans og arbeidsmetodane deira.

– Somme av desse breva var berre gjevne att i utdrag. I eit tilfelle var det openbert for å verna Kretsens rapportskrivar mot å verta konfrontert med at han hadde tilrådd likvidasjon av ein framstående og viktig medspelar i motstandsarbeidet, av di han hadde agiter for demokratiske ideal, skriv Ohman Nielsen.

Det var ein tremannskomite i Utanriksdepartementet som gjorde utvalet til *Hvitboken*.

– Trædal var varapresident på Stortinget, og han kjende gjennom eige motstandsarbeid godt til Haug-opposisjonen sitt arbeid. Både han og andre sentrale bondepartifolk ville vita kor misvisande dei publiserte karakteristikkane var. I *Hvitboken* sitt attgjevne brev frå leinga i Heimefronten vart Haug framstilt som ein forrædar som sette livet til heimefrontleiarane i fare og førte landet på randa av borgarkrig. I eitt av desse breva

vart Trædal namngjeven som ein av forrædare Haugs allierte blant stortingsmenn, skriv Ohman Nielsen.

Nils Trædal var også skeptisk til det rettslege grunnlaget og gjennomføringa av landssvikoppgjeret. Også her hadde han eit anna syn enn Kretsen. Under rettsoppgjeret vart bygdekvinne som hadde vore passive NS-medlemmer, dømde, medan krigsprofittørar ikkje vart sette på tiltalebenken.

Like før «Hvitboken»

Dagen før *Hvitboken* vart offentliggjort, kvelden den 11. oktober, var det styremøte i *Nationen*. Her prøvde Trædal særleg å trekkja opp perspektiva framover. Han og redaktør Hans Holten hadde samtalor for å planleggja arbeidet til hovudorganet med dei aktuelle sakene.

Seinare den same kvelden var Nils Trædal funnen døyande i bakgården der han budde i Holtegata.